



Notat

Dato: 07.04.2017
Arkivsak: 2014/10535-33
Saksbehandlar: fromann

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll - status 07.04.17

Det vert vist til partsbrev av 17.02.2017 fra Sekretariat for kontrollutvalet, ref. 2014/10535-32.

Deloitte gjennomførte hausten 2014 ein forvaltning av internkontroll og HMT på oppdrag frå kontrollutvalet. Rapporten frå revisjonen er handsama i Fylkestinget 10.03.15, sak 7/2015.

Kontrollutvalet behandla status for tilhøyrande handlingsplan i møte 13.02.17. Kontrollutvalet gjorde i dette møtet slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg tilbakemelding på status for tiltakspunkta 17, 22, 23, 25 og 36 innan 18.04.2017 når det gjeld forvaltningsrevisjon innan HMT og internkontroll»

Vedlagt ligg oppdatert handlingsplan pr. 07.04.17. Dei fem tiltakspunkta som kontrollutvalet etterspør, nr 17, 22, 23, 25 og 36 er markert i planen.

Fylkesrådmannen har følgjande utfyllande kommentarar:

Pkt. 17 og 25 - E-læring: Det tok noko lengre tid enn planlagt å få på plass og gjere nytta av e-læringsprogram. Første publisering av eigenprodusert e-læring via intranettet i HFK var i oktober 2016. HR-seksjonen og andre interne aktørar er no i god gjenge med å produsere kurs i ulike system og tema.

Pkt. 17: Kurs i kvalitetsarbeid er delvis ferdig, dei tre første leksjonane er publiserte i e-læringsprogrammet. Leksjonar om korleis leiarar skal handsame avvik er under ferdigstilling. Ein tar sikt på å sende heile kurset (fem leksjonar) ut til alle leiarar med personalansvar i slutten av april 2017, slik at det er mogleg å følgje opp gjennomføringa av kurset.

Pkt. 25: E-læringsleksjon om varslingsrutine er utarbeidd og send til varslingsutvalet og HR-direktør for kvalitetssikring. Parallelt vert det handsama eit framlegg til revidert rutine. Innhaldet i den reviderte rutinen er lagt til grunn for e-læringa. Ein vil derfor vente med å sende ut e-læringa til revidert rutine er godkjend, dette skjer truleg i møte i fylkesutvalet 23. mai 2017.

Pkt. 22 og 23: Opplæring i kvalitetsarbeid og kvalitetsportalen har vorte intensivert etter at ein eigen HMS-rådgjevar kom på plass i HR-seksjonen i 2016. I samarbeid med bedriftshelsetenesta og lokale kvalitetsansvarlege har HMS-rådgjevaren vore aktiv i ulike fora både i vidaregåande skular og i

tannhelsetenesta. Fylkesrådmannen legg til grunn at denne opplæringa er i god gjenge, med og utan skriftleg plan.

Pkt 36: Utkast til rutine for AMU-arbeid er utarbeidd. Etter innspel frå m.a. bedriftshelsetenesta vil rutinen verte ferdigstilt i slutten av april og leggjast fram for handsaming i HAMU-møtet 12. mai 2017.